


AUTISME- SPEKTERET

- ei kort innføring



AUTISMESPEKTERDIAGNOSAR

Autismespekeret dekkjer fleire ulike diagnosar som liknar på kvarandre. Internasjonalt nyttar ein forkortinga ASD (Autism Spectrum Disorders) om autismespekeret, og dette omgrepet blir no òg nytta i Noreg.

Det er store individuelle skilnader mellom personar med ASD. Det varierer frå person til person kva for og kor alvorlege symptom og utfordringar dei har.

Alder, kjønn, evnenivå og tilleggsvanskar har òg noko å seie. Mange med ASD er særleg sårbare for å utvikle tilleggsvanskar så som psykiske lidningar, epilepsi og søvnvanskar.

KJENNETEIKNA PÅ ASD ER:

- kvalitative avvik i evna til gjensidig sosial interaksjon og kommunikasjon
- avgrensa eller snevre interesser
- avgrensa repertoar av aktivitetar
- karakteristisk einsformig måte å gjere ting på
- utfordringar knytte til sosial dugleik og forståing
- avgrensa evne til og interesse for sosial omgang
- annleis blikkontakt
- avvikande og annleis reaksjonsmønster
- utfordringar med kommunikasjon og språk
- avvikande åtferd
- annleis oppleveling av sanseinntrykk
- særleg sårbart for stress

FØREKOMST

I dei seinare åra har talet på personar som får ASD-diagnosen, gått jamt oppover. Dette blir ofte forklart med at ein har blitt betre til å diagnostisere ASD, særleg hjå personar med milde symptom. Forskinga viser at så mange som éin av hundre kan høyre til på autismespekteret.

Det er omtrent fire gonger så mange gutar som jenter som får ein diagnose på autismespekteret. Jentene blir ofte oversette fordi dei har mindre tydelege problem i kvardagen, og difor blir det ofte ikkje greidd ut om dei har ASD. Somme meiner at testane og dei diagnostiske kriteria som gjeld i dag, fokuserer på dei typiske «gutesymptoma» som utagering, sinne, repetitiv åferd og særinteresser.



ÅRSAK

Årsakene til ASD er ikkje fullstendig kjende. Det er semje om at arvelege faktorar har mykje å seie og at ulike neurobiologiske faktorar disponerer for både skeivutvikling og vanskar med a forstå ting, noko som òg blir kalla kognitive vanskar.


ASD kjem ikkje av psykososiale faktorar, spesielle opplevingar i barndomen eller vaksinar.

SYMPOTOM OG KJENNETEIKN

Dei tidlege kjenneteikna på ASD kan til dømes vere mangefull bruk av gestar, avvikande blikkontakt eller forseinka språkutvikling. At språk eller sosial dugleik blir dårlegare eller stagnerer, kan òg vere teikn på ASD, uansett alder.

I nokre tilfelle kan ein oppdage symptomata på ASD ganske tidleg, og diagnosen kan bli sett allereie i to-tre-årsalderen. På den andre sida kan kjenneteikna vere mindre tydelege hjå små born, og dei individuelle ulikskapane kan vere store. Difor kan det somme gonger vere vanskeleg å setje ein sikker diagnose for dei yngste borna.

Dei utviklingsmessige avvika kan vere ganske små i tidleg alder hjå velfungerande personar med ASD. Teikna blir gjerne tydelegare seint i barndomen eller tidleg i ungdomen, når omgjevnadene byrjar å stille større krav til evner til sosialt samvær og ventar at ein skal forstå meir komplekse sosiale spelereglar.



I praksis vil det variere mykje i kva alder ein kan stille ein sikker diagnose. Jenter blir ofte diagnostiserte tidleg i tenåra eller endå seinare. Ein av grunnane til dette er at jenter ofte er flinkare enn gutter til å kommunisere, og at jentene oftare reagerer på utfordringar med å bli stille og inneslutta.

DIAGNOSTISERING

Det finst ingen testar eller prøver som kan vise om ein person har ASD eller ikkje. Diagnosen blir sett på grunnlag av ei vurdering av åtferdsmönsteret og veremåten til personen. Vurderinga er basert på grundige observasjonar og systematisk kartleggingsarbeid. Fastlegen gjev tilvising til diagnostisk utgreiing hjå eit tverrfagleg team frå spesialisthelsetenesta, vanlegvis habiliteringstenesta eller psykisk helsevern.

TILTAK OG TILRETTELEGGING

Det bør setjast inn individuelt tilpassa opplæring og trening så tidleg som mogleg, sjølv når ein berre mistenkjer ASD utan at diagnosen er avklara.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT) bør involverast for å kartleggje barnet sine evner og bidra til å gje eit individuelt og heilskapleg tilbod. Opplæringa må dekkje sosiale og praktiske evner i tillegg til ordinære skulefag, og ho må ta utgangspunkt i einskildeleven sine interesseområde og sterke sider. Ofte trengst det ekstra ressursar og spesialpedagogiske tiltak for å leggje til rette opplæringa for kvar einskild elev.

Elevar som får spesialundervisning, skal ha ein individuell opplæringsplan (IOP). Planen skal fastsetje måla for og innhaldet i opplæringa, kven som skal vere involverte og korleis opplæringa skal organiserast. Skulen skal setje opp ein IOP på grunnlag av den sakkunnige vurderinga frå PPT i samarbeid med dei føresette og, dersom det let seg gjere, eleven sjølv.

Personar med ASD treng langsiktige og koordinerte tenester. Dei som brukar to eller fleire helse- og omsorgstenester, har rett til ein individuell plan (IP). IP gjev òg rett til å få ein koordinator oppnemnd av kommunen. Koordinatoren skal syte for oppfølging og samordning av tenestetilbodet.

MISFORSTÅTTE PERSONAR

Dei fleste som har ASD, ser ikkje annleis ut enn andre folk. Difor er det vanskeleg for omgjevnadene å forstå kvifor dei oppfører seg annleis. Personar med ASD har vanskeleg for å sortere og prioritere når dei møter på fleire inntrykk og krav samstundes. Dei blir ofte misforståtte og kan bli oppfatta som uhøflege eller uforskamma.

Sidan dei er sårbare for stress, krav, mas og kritikk, kan det vere vanskeleg å leve opp til dei krava dagleglivet inneber. Mange har òg vanskar med å planleggje og organisere, og det blir kalla eksekutive funksjonsvanskar.

Det er utfordrande å kunne vurdere kva ein person med ASD eigentleg greier, og det kan føre til at det blir stilt for høge eller for låge krav.

UTGREIING OG PROGNOSÉ

Tidleg diagnose, informasjon til alle det gjeld, tilpassa krav og god assistanse er grunnpilarane i dei langsigktige tiltaka. Når spesialisthelsetenesta er ferdig med den diagnostiske utgreiinga, er det viktig at barnet sine føresette, eller eventuelt personen sjølv, får informasjon om rettane sine og kva dei kan ha krav på.

Rett hjelp, tilrettelegging og individuelt tilpassa opplæring i oppveksten er avgjerande for at personar med ASD skal ha ein god prognose for å bli så sjølvstendige som råd og kunne leve eit godt liv. Tidleg og målretta hjelp kan redusere risikoen for at dei utviklar depresjonar og andre psykiske problem som ein reaksjon på verda rundt dei og krava som blir stilte til dei.

Dei fleste som har ASD, vil ha bruk for tiltak og assistanse heile livet. Små endringar i livssituasjonen kan ha mykje å seie for livskvaliteten. For å bidra til eit varig godt liv må tiltaka vere planlagde, godt førebudde, kontinuerlege og heilskaplege.

Bli med!


AUTISMEFOREININGA

Autismeforeininga i Noreg (AiN) er ein interesseorganisasjon for personar med diagnosar på autismespekteret, føresette, nærståande, fagpersonar og andre interesserte. Foreininga er nøytral når det gjeld partipolitikk, religion, seksuell orientering og etnisitet.

AiN er ei landsdekkjande foreining med lokallag i alle fylka. Mange lokallag tilbyr samtale- eller nettverksgrupper for unge og vaksne med ASD og deira nærståande. Du kan ta kontakt med lokallaga for å få informasjon om aktivitetar i nærområdet ditt.

Autismeforeininga meiner at individuelt tilpassa tilbod som er baserte på forpliktande, heilskapleg og langsiktig planlegging og dekkjer alle fasar av livet – med særleg fokus på overgangar – er avgjerande for å skape gode liv for personar med ASD. Vi arbeider for at alle, ut frå kvar einskild sine interesser og potensial, skal ha moglegheita til å delta i samfunnet på lik linje med andre borgarar.

På www.autismeforeningen.no finn du informasjon om ASD, rettar og om foreininga. Du finn også informasjon om kurs og seminar, i tillegg til nyhende om ASD og forsking. Der ligg også informasjon om tillitsvalde og likepersonar i området der du bur.





Sekretariatet: 23 05 45 70
Kvardagar kl. 9–15

Rettleiingstelefon: 23 05 45 72
Måndag, onsdag, torsdag kl. 10–14

Post- og besøksadresse:
Wergelandsveien 1–3
0167 Oslo

post@autismeforeningen.no
www.autismeforeningen.no